

Pedagogisk opplegg Riksteatrets framsyning

FUGLANE



Av Tarjei Vesaas. Dramatisert av Lasse Kolsrud.

Produsert av Riksteatret i samarbeid med Turneteatret i Trøndelag.

På turné våren 2019.

Opplegget er tilpassa elevar i vidaregåande opplæring men kan og vere egna for undervisning på ungdomstrinnet

Utarbeida av Anne Holtan

Innhald

Innleiing - Til læraren.....	s. 3
Handlingsreferat	s. 4 - 5
Oppgåver for norskfaga	s. 6 - 12
Oppgåver for psykologi	s. 13 - 18
Oppgåver for teaterfaga ved MDD.....	s. 19 - 30
Utdrag frå manus.....	s. 31 - 65

Innleiing

Til læraren

Eg har laga eit pedagogisk opplegg for framsyninga "Fuglane" som er særlig tilpassa til norskfaget, programfaget psykologi, og teaterfag ved musikk, dans og drama. Oppgåvene er likevel såpass opne og generelle at andre faggrupper som til dømes sosiologi og sosialantropologi, og lett kan bruke dei. Opplegget er tredelt, og under kvar del har eg satt inn fagspesifikke kompetansemål som er relevante for oppgåvene. Til fleire av oppgåvene skal de bruke utdrag frå manus som ligg ved som eigne nummererte vedlegg. Oppgåvene kan ein gjere både før og etter at klassen har sett framsyninga, med unntak av dei oppgåvene som er knytt direkte til framsyninga.

Hilsen Anne Holtan

PEDAGOGISK OPPLEGG FOR FUGLANE

Handlingsreferat

Romanen "Fuglane" (1957) av Tarjei Vesaas vert rekna som eit meisterverk. Han har stått på pensum i norskundervisninga i mange tiår. "Fuglane" er oversett til ei rekke språk og vart i 1967 filmatisert av den polske regissøren Witold Leszczynski. Denne gongen presenterer Riksteatret Vesaas sitt meisterverk i ein heilt ny versjon. Han er lagd av Lasse Kolsrud, som og har regien. Hovudpersonen i "Fuglane" er Mattis. Han bur i lag med søstera Hege i ei lita stue i skogen ved eit stort vatn. Dei er vaksne menneske, men etter at foreldra døydde har Hege heldt liv i dei båe ved å strikke kufter. Kvardagen er hard og tung, og Hege prøver å motivere Mattis til å få seg jobb for å bidra økonomisk. Hege tek seg av Mattis som ikkje klarer å tilpasse seg krava til å vere ein vaksen person som arbeider og forsørgjer seg sjølv. Men Mattis har eit rikt indre liv. I draumane og fantasien kan han vere skarp og sterk og har draget på jentene. Mattis bruker det meste av tida si på å vandre rundt i skogen. Han liker seg best ute i naturen og har lært seg mykje om dyr, vind og ver. Mattis tolkar teikn i naturen som varsel om godt og vondt. Han opplever at han kan snakke med fuglar og lever nærare dyra og naturelementa enn menneskja. I bygda er Mattis ein "outsider". Han har fått kallenamnet "Tusten" og veit sjølv at andre opplever han som rar og litt tilbakeståande. Mattis har vanskelig for å uttrykke det han føler og tenkjer i ord. Når han prøver å snakke med andre, er det lett at det kjem ut feil, og at det oppstår misforståingar. Han usikker på seg sjølv i omgang med andre menneskje og den einaste han verkelig snakkar med og føler seg trygg hos, er søstera Hege. Difor er Mattis avhengig av Hege, både når det kjem til økonomi og kjensler.

Etter mislykka forsøk på å ta seg arbeid rundt omkring på gardane freistar han lykka som ferjemann. Mattis er god til å ro og tenkjer at han kan tene pengar på å ro folk over vatnet. Ein dag ror han tømmerhoggaren Jørgen over vatnet som spør om han kan leie eit rom hos Hege og Mattis.

Jørgen flytter inn, og han og Hege innleier etter kvart ein kjærleiksrelasjon. Denne endringa gjer Mattis urolig, og han frykter at søstera skal forlate han for Jørgen. Jørgen truer det trygge livet han har hatt i lag med Hege. Mattis vert og utfordra av Jørgen til å møte det han er redd for, og han prøver og å lære opp Mattis til å arbeide i skogen for å bli meir sjølvstendig. Dette fører til

at Mattis vert enda meir usikker og redd. Etter kvart vert han så ute av seg at han bestemmer seg for å la skjebnen avgjere om han skal leve eller dø. Han spikkjer nye årer til båten og ror langt ut på vatnet. Der trampar han hol i den rotne båten som søkk til botnen. Mattis kan ikkje symje, men han har ein idé om at han kan berge seg i land ved å flyte på dei nye årene om det er vindstille. Når Mattis ligg i vatnet og flyter på årene bles det opp, og slik sluttar romanen og stykket.

Vesaas let det vere opp til lesarane og fantasien deira å avslutte turen, og vi får ikkje vite om han druknar eller overlever.

OPPGÅVER SÆRLIG EGNA FOR NORSKFAGA

Før elevane går i gang med oppgåvene bør klassen ha lest handlingsreferatet på side 4-5.



OPPGÅVE 1

Dramatisering av utdrag frå manus

Del klassen i grupper der kvar gruppe får eit utdrag av ein scene dei skal dramatisere. Ein elev i kvar gruppe bør ha ansvar for å vere instruktør, det vil seie å vere eit auge på utsida som ser kva som fungerer i høve til plassering og rørsle i rommet, samspel og tolking av roller. Gruppa bør finlese scenen i lag, og finne ut korleis dei skal løyse han scenisk før dei går i gang med å lage scenen. Gruppene bør få minst 60 min. til dette arbeidet før scenene vert synt fram i samla klasse.

Spørsmål gruppa bør diskutere etter at dei har lest teksten er:

- Kva handlar denne scenen om?
- Kor utspiller scenen seg, og korleis vil de løyse dette i klasserommet.
- Kva for kjenslemessig stemning er det mellom karakterane
- Finst det ein konflikt mellom eller i karakterane

Tilrådd bruk av tid: 90 min.

Gruppe 1 (bør vere 6 elevar)

Dette er opningsscenen i stykket. Mattis står og tenkjer for seg sjølv før han byrjar å snakke til søstera Hege som sit og strikker. Dei er heima i hytta.

Teksten ligg ved som vedlegg 1.

Roller:

- Ein instruktør
- Hege
- Mattis
- 3 elevar som lager lyder og speler folkemengda som svaier i vinden. Disse kan og vere "stemmer i hovudet" til Mattis og seier ting som han tenkjer. Leik dykk med dette.

Gruppe 2 (bør vere 5 elevar)

Dramatiserer scene 4 der Mattis forsøker seg på gardsarbeid. Han skal luke ugras i turnipsåkeren i lag med ein gjeng ungdom, og bonden. Arbeidet går trått og dei andre er raskare enn han.

Teksten ligg ved som vedlegg 2.

Roller:

- Ein instruktør
- Mattis
- Mannen på garden
- Guten
- Jenta

Gruppe 3 (bør vere 4 elevar)

Dramatisering av scene 16 og 17 mellom Mattis, Inger og Anna.

Inger og Anna møtte Mattis ute på ein holme. Dei hadde fri frå arbeid og rodde ut dit for å sole seg og bade. Mattis låg og sov ute på holmen, og hadde bunde båten sin til foten så han ikkje

skulle drive frå land. Dei innleier ein samtale med Mattis og tilbyr seg etter kvart å hjelpe han i land med den rotne båten. Han vil dra innom brygga der folk kan sjå dei fordi han er stolt av å ro med to jenter. Der møter dei ein gut.

Teksten ligg ved som vedlegg 3.

Roller:

- Ein instruktør (som og speler guten som kommer helt i slutten av scene 17)
- Mattis
- Anna
- Inger

Gruppe 4 (bør vere 4 elevar)

Dramatisering av scene 20. Mattis har rodd tømmerhoggaren Jørgen over vatnet og har gitt han husly for natta i hytta. Jørgen spør om han får leie rommet fordi han har fått seg jobb i nærleiken. Det oppstår etter kvart varme kjensler mellom Hege og Jørgen.

Teksten ligg ved som vedlegg 4.

Roller:

- Ein instruktør
- Jørgen
- Hege
- Mattis

OPPGÅVE 2

Beskriv det du sansar og ser

Som inspirasjon er det tilrådeleg at klassen ser NRK sin dokumentar om Tarjei Vesaas frå 1968:

<https://tv.nrk.no/program/FTEA00007065/moete-med-tarjei-vesaas>

Her fortel Vesaas om livet som forfattar, om skriveprosesser og kva som inspirerer han til å skrive. Han fortel om nødvendigheten av å bruke sansane og vere til stades her og nå for å få inspirasjon til å skrive. Vesaas er oppteken av å skildre karakteren sitt indre liv og psykologi, og seier at han let seg inspirere av barnet sitt møte med ein komplisert verden. Kanskje nettopp fordi barnet har meir direkte tilgang til spontane sanseopplevingar og gir sterkare uttrykk for kjensler.

Mattis i "Fuglane" er 37 år, men tenkjer og handlar som eit stort barn.

Han er ikkje så skarp i intellektet, men desto skarpare i sine observasjonar av naturen og det som kan sansast. Mattis bruker i stor grad intuisjon for å forstå verden, meir enn det rasjonelle intellektet. Noko som og kjenneteiknar kunstnaren sitt sinn. Han bruker draumar og fantasi som leietrådar og tolkar teikn i naturen. "*Mattis det er meg*" har Vesaas sagt, og mange har lese boka som ei skildring av kunstnaren som "outsider".

Individuell skriveoppgåve:

Elevane skal finne ein utsiktspunkt. Det kan vere eit vindauge ut mot kva som helst som gir inspirasjon. Det kan vere eit område med folk og hus, eller eit område med natur. Dei skal ha med seg skriveutstyr dvs. papir og penn/blyant. (Ikkje berbar pc eller anna elektronisk skriveverktøy). Dei skal finne ein god plass å sitte, med god utsikt og bruke nokre minutt berre til å sitte å sjå ut og ta inn landskapet. Deretter skal elevene skrive i 10 minutt utan stopp da oppgåva er å skildre det dei **ser** utan å sensurere seg sjølve, tolke eller leggje til noko.

Klassen samlast og bytter det dei har skreivet med einannan og lesar det innantil.

Gjenta øvinga, men nå skal elevene bruke fantasien å skrive inn Mattis i landskapet. Denne gongen skal dei skrive i 20 min utan stopp og utan å sensurere seg sjølve.

Stikkord:

- Kva gjer han?
- Kven møter han?
- Kva skjer?
- Kva tenkjer han?
- Kva kjenner han?
- Korleis sluttar det?

Elevene samlast i klassen og lesar einannan sine tekster høgt. Deretter diskuterer klassen korleis dei opplevde øvingane.

- Var det vanskelig å ikkje sensurere seg sjølv?
- Korleis var det å tvinge seg til å skrive utan stopp?
- Korleis opplevde dei skilnaden i dei to skriveøvingane?
- Sette det i gang ein kreativ skriveprosess hos den einskilde elev?
- Har de lyst til å skrive vidare på tekstene og utvikle ein større historie?

Tilrådd bruk av tid: 90 min.

OPPGÅVE 3

Skrivearbeid i par.

Etter at klassen har sett framsyninga skal dei parvis skrive ei teatermelding.

Som inspirasjon bør dei minst ha lest to teatermeldingar som ligg ute i pressa. Lærer bør hjelpe til med å finne meldingar på nettet.

Elevene bør bruke tid på å diskutere teaterframsyninga før dei går i gang med å skrive. Skriv teatermeldinga som ein dialog mellom to meldarar der dei ulike synspunkta kjem fram. De treng ikkje vere samde om kva de synest om framsyninga. Kva de likte og ikkje likte, men de må grunngje synspunkta dykkar.

I teatermeldinga bør de skrive noko om følgjande:

- Regigrep
- Dramaturgisk oppbygging
- Scenografisk løysing og element som rekvisittar og kostymer
- Bruk av verkemiddel: lys, lyd og evt. video
- Skodespelarprestasjonar og evt. om de synest nokon utmerker seg.

Til slutt bør de ha ei oppsummering og ei vurdering av om det her var ei vellukka oppsetjing av "Fuglane". Her kan de sjølv sagt meine ulikt om framsyninga.

Tilrådd bruk av tid: 90 min

Relevante kompetansemål frå læreplanen i norskfaget Vg1-Vg3

Kompetansemål etter Vg1 – studieførebuande utdanningsprogram

Munnleg kommunikasjon

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne:

- mestre ulike roller i samtalar, diskusjonar, dramatiseringar og presentasjonar

Skriftleg kommunikasjon

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne:

- bruke ulike estetiske uttrykksformer i samansette tekstar
- vurdere og revidere eigne tekstar ut frå faglege kriterium
- skrive kreative tekstar på hovudmål og sidemål og bruke språklege verkemiddel i dei
- hente inn, vurdere og bruke fagstoff frå digitale kjelder i arbeidet med eigne tekstar, og følgje reglar for personvern og opphavsrett

Språk, litteratur og kultur

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne:

- gjere greie for eit breitt register av språklege verkemiddel og forklare kva funksjon dei har
- tolke og vurdere samanhengen mellom innhald, form og føremål i samansette tekstar

Kompetansemål etter Vg2 – studieførebuande utdanningsprogram

Munnleg kommunikasjon

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne:

- lytte til, vurdere og gje rettleiande tilbakemelding på munnlege presentasjonar hos andre

Skriftleg kommunikasjon

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne:

- lese og analysere tekstar på nynorsk og bokmål i ulike sjangrar, og ta stilling til spørsmål tekstane tek opp, og verdiar dei representerer
- skrive kreative, informative og argumenterande tekstar, utgreiingar, litterære tolkingar, drøftingar og andre resonnerande tekstar på hovudmål og sidemål

Kompetansemål etter Vg3 – studieførebuande utdanningsprogram

Munnleg kommunikasjon

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne:

- lytte til, systematisere og samanfatte informasjonen i munnlege tekstar og reflektere over innhaldet
- skrive kreative, informative og resonnerande tekstar, litterære tolkingar og retoriske analysar på hovudmål og sidemål med utgangspunkt i norskfaglege tekstar

OPPGÅVER SÆRLIG EGNA FOR PSYKOLOGI 1 OG 2

Før elevene går i gang med oppgåvene bør klassen ha lest handlingsreferatet på side 4-5.



OPPGÅVE 1

Outsideren Mattis. Kven er han?

Tarjei Vesaas skildrar ofte indre konfliktrar hos særlig kjenslevare og sårbare personar i romanane sine. Mattis i "Fuglane" er ei av disse raringane i bygdemiljøet: "Dei kalla han for Tusten, og flirde når det vart tale om han i samband med arbeid. Det var to ting som ikkje gjekk i hop. Borte i den arbeids-brusande bygda var der nok fullt av soger om korleis det gjekk når Mattis tust ville arbeide – alt vart berre tull.

Du mitt nebb imot stein, tenkte han hovudstup der han satt – og det fór i han.

Kvaslag?

Men det var borte.

(...)

Han såg snøgt bort på systera. Ho hadde ikkje merka noko. Ho sat der lita og snerten, men ikkje noken jentunge, ho var førti år.

Om han sa slike ting for henne? Nebb imot – ho ville ikkje skjøne."

(Vesaas, 1957/2007).

Mattis er klar over at han ikkje er som andre, og står fram som klønete og sjenert i møte med folk i bygda. Han deler folk inn i smarte og mindre smarte i høve til om dei er flinke til å jobbe og til å snakke for seg. Han plasserer seg sjølv som mindre smart i alle fall i høve til søstera Hege som han bur i lag med. Hu er den som tek vare på han og forsørgjer dei to. Som når han seier til Hege: *"Du er som eit lyn du, sa han til henne. Han gruste seg litt ved det ordet han tok i munnen, men på ein trygg måte, sidan himmelen var fin."* (Vesaas, 1957:5)

Gruppeoppgåver

Elevene jobbar i grupper på tre.

A)

Gruppene skal lage ein personlegdomsprofil av Mattis med utgangspunkt i teori om personlegdomstypar og trekkteori.

<http://estudie.no/personlighet-trekkteorier/>.

B)

Tenk dykk Mattis inn i dagens samfunn i høve til det de veit om Mattis ut frå handlingsreferatet. Sjå for dykk ein situasjon der søstera Hege oppsøker hjelpeapparatet for å få støtte til tiltak som kan hjelpe Mattis å verte meir sjølvstendig og i stand til å klare seg sjølv .

Diskuter desse spørsmåla i gruppa og noter ned hovudmoment.

- Kva må til for at Mattis skulle klart å bu for seg sjølv og ha eit godt og meningsfylt liv i dagens samfunn?
- Kva for tyding har arbeid i høve til å kjenne at det er ei meaning med livet?
- Kva slag tiltak kan vi innføre på samfunnsnivå for å hindre at menneskje skal kjenne seg utanfor og unyttige?

Gruppene legg fram for klassen arbeidet med personlegdomsprofilane og tankar om kva slag tiltak som måtte til for at Mattis skulle kunne leve eit sjølvstendig og godt vaksenliv.

Tilrådd bruk av tid: 90 min.

OPPGÅVE 2

Mellom himmel og jord

Individuelt skrivearbeid

Mattis har eit rikt indre liv. Draumar, og ting som skjer i naturen er viktige for korleis Mattis forstår sin eigen situasjon og tenkjer om framtida. Han les naturen og ser teikn og varsel. Døme på dette er når lynet slår ned i dei tørre ospene utanfor huset. Folk i bygda kallar desse trea for Hege og Mattis, og når lynet slår ned i eit av dei vert Mattis redd for at det er varsel om at noko forferdelig skal skje med han eller Hege. Han veit ikkje kven, fordi han veit ikkje kva for tre som er Mattis og kva som er Hege. Han kommuniserer med fuglar på fuglespråket. Fuglespora er hemmelige teikn som berre han kan lese, og han rissar inn meldingar på bakken til fuglane. «Du er du», seier fuglane til Mattis og når ei rugde vert skoten utanfor huset hans, tek han dette som eit vondt varsel.

I samfunn der folk lever i nært samband med naturen har det tradisjonelt vore kultur for ein slik "magisk tenkjemåte". I vår kultur ser vi det som normalt at barn tenkjer magisk og let seg styre av kjensler og intuisjon, men når vaksne gjer det same tenkjer vi ofte at denne personen har ein diagnose.

Skriv eit essay

Som innleiing til skrivearbeidet kan elevene først lese artikkelen om magisk tankegang frå webpsykologen: <https://www.webpsykologen.no/artikler/angst-og-magisk-tankegang/>

I essayet skal du greie ut og reflektere over normalitetsomgrepet. Det vi definerer som normalt i ein kultur kan verte kategorisert som ein diagnose eller noko unormalt i ein annan kultur eller i ei anna tid. Ta utgangspunkt i Mattis som case.

- Er normalitetsomgrepet for snevert i samfunnet vårt?
- Kva for diagnose ville Mattis eventuelt kunne fått i møte med psykiatrien?
- Er det for lett å stille diagnosar i dag og for lite rom for dei som er litt annleis i samfunnet vårt?

Tilrådd bruk av tid: 90 min.

OPPGÅVE 3

Frykta for å bli forlaten og einsam

Gruppearbeid

Haldis Moren Vesaas er av dei største poetane i norsk litteratur og var i tillegg kona til Tarjei Vesaas som skreiv Fuglane. Før de går i gang med denne oppgåva kan klassen høyre Moren Vesaas lese sitt eige dikt "Einsamflygaren" til inspirasjon:

<https://www.youtube.com/watch?v=ji0tPXQknI>

I slutten av Fuglane får vi vite at Mattis er redd for å bli forlaten og einsam etter at søstera Hege har fått ein kjæraste. Kjæresten til Hege, Jørgen tek Mattis med i skogen og freistar å lære han å hogge tømmer, og Mattis trur han forstår kvifor: «Han skulle nok bli forlaten».

Mattis veit ikkje kva han skal gjere, men så slår ein tanke ned i han som eit lyn: Han må sette seg sjølv på ein prøve. Utan å seie noko til Hege og Jørgen planlegg Mattis korleis naturen skal få avgjere liv og død. Han skal legge ut med den rotne båten, og ro så langt ut at ingen kan sjå han frå land og så sparke hol i botnen så båten tek inn vatn. Så skal han halde seg fast til årene. Flyt han til land, er han berga. Men om vinden kjem, er det over.

Slik ender romanen og vi får ikkje vite om han druknar, men det bles opp på vatnet.

Lag ein podcast:

I denne oppgåva skal elevene arbeide i grupper på 3 eller 4 elevar.

Gruppene skal lage ein podcast om einsemd og sjølv-mord. Han skal ikkje vere lenger enn 15 min. Bruk kreativitet og fantasi når de snakkar om temaet, *ikkje berre* faktakunnskap og statistikk. Han skal vere utforma som ei samtale om temaet. Det er lov å bruke humor og musikalske innslag sjølv om de skal handsame temaet seriøst.

Spørsmål til diskusjon:

- Finst det ei god og vond einsemd?
- Kva psykiske og helsemessige konsekvensar har einsemd?
- Kva kan du gjere som venn, nabo, eller familie når du ser at nokon er einsamme?
- Korleis skal vi snakke om sjølv-mord?

- Kva kan du som venn eller klassekamerat gjere om du opplever at noen du kjenner går med sjølv mordstankar?
- Korleis vi kan hjelpe folk som går med sjølv mordstankar?
- Reflekter rundt kva slags preventive tiltak som kan gjerast for at barn og unge skal ha god psykisk helse.

Som førebuing bør gruppene og lese vedlegg 5 med dei siste scenene i manuset til "Fuglane". I tillegg bør dei lese artikkelen frå webpsykologen:

<https://www.webpsykologen.no/artikler/korleis-hjelpe-ein-person-med-sjølvmordstanker/>

Andre lenker som kan inspirere:

<http://www.verdidebatt.no/innlegg/11618564-aerlig-om-einsemd-aerlig-om-livet>

https://www.ung.no/psykiskhelse/2511_Einsemd.html

Tilrådd bruk av tid: 90 min



Relevante kompetansemål frå læreplan i programfaget Psykologi

Psykologi 1 og 2

Mål for opplæringen er at eleven skal kunne:

- gjøre rede for vanlige psykiske kriser i ulike livsfaser, og drøfte hvordan krisene kan føre til vekst og utvikling
- drøfte forhold som påvirker psykisk helse særlig knyttet til ungdomskultur
- gjøre rede for ulike emosjoner og behov, og hvordan disse påvirker og styrer atferd
- beskrive hvordan mennesket utvikler sitt selv bilde og sin identitet
- gjøre rede for sosialiseringsprosessen i et psykologisk perspektiv
- definere helse og reflektere over livskvalitet
- drøfte begrepet normalitet i forhold til psykisk helse
- beskrive ulike former for psykiske vansker og lidelser
- reflekter rundt hvilke forebyggende tiltak som kan gjøres for at barn og unge skal ha god psykisk helse
- drøfte utfordringer ved å være pårørende eller venner til personer med psykisk lidelser, og gi eksempler på mestringsstrategier

OPPGÅVER SÆRLIG EGNA FOR TEATERFAGA MUSIKK, DANS OG DRAMA

Før elevene går i gang med oppgåvene bør klassen ha lese handlingsreferatet på side 4-5.



OPPGÅVE 1

Fysisk teater

Som inspirasjon for denne oppgåva kan klassen sjå utdrag frå danseframsyninga :

"Flate steinar er til å sitja på" fritt etter "Fuglane" og koreografert av Sigurd Johan Heide
(framført på Dansens hus i 2010):

https://www.youtube.com/watch?v=K5_P4yG6K50

Del klassen i tre grupper. Kvar gruppe får tildelt eit av dei tre tekstutdraga A, B, eller C og skal deretter jobbe fram ei scenisk framstilling av teksten der dei skal eksperimentere med form og verkemiddel. I tolkingane skal gruppene vektlegge det fysiske uttrykket og bruk av rørsle og musikk/lyd.

Tilrådd bruk av tid: 2 x 90 min.

Tekstutdrag A) Scene 2

Denne scenen skildrar korleis Mattis drøymmer om å vere saman med kvinner. I røynda våger han nesten ikkje å sjå på dei.

(Mattis drøymmer. Lyden av rugdetrekket - igjen og igjen - saman med fleire andre pustelyder, mannlege og kvinnelege, smålatter, osb. som bygger seg opp)

KVINNERØYSTER:

Vi kjem, vi kjem. Du er der vel?

MATTIS: *Javisst.*

KVINNERØYSTER:

Det vart lenge dette, Mattis, men no er den tid slutt.

(Mattis reiser seg opp. Fleksar musklar så skjorta rivnar. Er veldig mannsleg og kjekk.)

MATTIS: *Det var betre. Det blir noko å klemme med.*

Kvar er dei!

KVINNERØYSTER (latter): *Vi er der vi brukar vera, vi.*

MATTIS: *Ser dei noko?*

KVINNERØYSTER: *Ja det kan du lite på, vi ser ikkje noko anna.*

MATTIS: *Vent litt.*

KVINNERØYSTER: *Vente no?*

Kva skal du, Mattis?

Gjer deg ferdig! Mattis.

MATTIS: Ja det kan du lite på.

Hei i lunden! Er dei klar?

KVINNERØYSTER: Vi er klar vi. Kven skal koma?

MATTIS: Vil du koma, du eg meiner.

KVINNERØYST:

Det er det eg vil.

(Ei kvinne kjem til syne. Ho nærmar seg Mattis. Forførande)

MATTIS: Gjer noko.

KVINNA:

Ja, sjå her.

(Kvinna lear på ein arm og vi høyrer lyd av rugda)

MATTIS: Ja og rugdetrekket er du fødd i, og alle tankane mine har du hatt lenge. Er det noko du vil seia, så må du gjere det no.

KVINNA: Seia?

MATTIS: Ja.

KVINNA: Nei eg vil ikkje seia noko no lenger.

MATTIS: No skal du gjera akkurat det du sjøl helst vil. Du er eit gull.

(Kvinna forfører Mattis)

MATTIS:

No skjønner eg betre kvifor eg har venta så lenge og vel.

Tekstutdrag B) Scene 9

Denne scenen skildrar ein situasjon der vi får innblikk i Mattis si indre verd av tankar og kjensler og korleis han står fram som annleis og rar i møte med andre.

(Mattis går ut. Han går langsetter vegen. Pust av Mattis som går. Røyster)

BARNERØYST:

Kva skal du då Tusten?

MATTIS: Ikkje noko.

(Mattis går og går. Stoppar og ser opp mot ein gard)

Jaha. Der er folk i arbeid alt.

(Snakkar til føtene sine)

Vil dei der opp, så kjenner eg vel eit rykk.

Nei, det kom ingen rykk i lei av denne garden, føtene er klokare.

(Mattis går vidare. Han får auge på gjenta i turnipsåkeren og prøver å vinke til henne)

MATTIS: Nei ho er nok trøytt.

(Mattis går inni handelsbua. Pustemusikk slutt)

MATTIS: Drops for femti øre.

HANDELSMANNEN: Kamfer?

MATTIS: Ja som før. Veit du korleis eit rugdetrekk kan koma til å flytte seg, så rugda flyg rett over eit hus der han ikkje har vori før?

HANDELSMANNEN: Det flyt seg vel ikkje. Kjem det eit slikt trekk på ein ny stad, så er det vel ein unghane frå i fjor som har byrja for seg sjøl, tenkjer eg.

MATTIS: Trur du det?

HANDELSMANNEN: Ja det er vel bra nok? Er det noko du har sett nyleg kanskje?

MATTIS: Å nei... ikkje på denna måten, trur eg. Det er ikkje noko rart detta *du* seier. Du skal ikkje gjera det mindre enn det er, når det ikkje er lite!

HANDELSMANNEN: Og korleis er det med syster di?

MATTIS: Det er dei evige kuftene det, veit du.

Alt ho tener eit eg opp. No er ho grå òg.

(Ein gut kjem inn)

GUTEN: Sjå dei skyene! No blir det uver snart.

MATTIS: Blir det torevær?

GUTEN: Ja detta blir skramlande torevær.

(Mattis hastar seg ut. Heftigare pustemusikk)

GUTEN: Kva var det med han?

HANDELSMANNEN: Det er ein som er litt tufs.

(Torever i det fjerne. Mattis spring vettskremt heimover)

RØYST: Gå ikkje midt i vegen, idiot!

MATTIS: Ja, du ser vel veret.

RØYST: Kva for eit ver?

MATTIS: Toreveret er her snart, ser du vel. Og då er det best å vera heime.

(Mattis får auge på Kvinnefuglen. Han stussar, spring heim og gøymmer seg på do. Pustemusikk slutt)

Tekstutdrag C)

I manus er tekstane under sett i parentes som to scenedireksjonar. Altså noko som ikkje seiast men vert skildra som ein gjentakande handlingskjede som skildrar det daglige livet og korleis dagane er. Dei skildrar og korleis kvardagen nesten umerkelig vert endra etter at Jørgen og Hege får varme kjensler for kvarandre.

(Mattis går i båten, Hege strikkar kufter, Mattis kjem heim att, får mat av Hege, Jørgen kjem heim, smeller øksa i ein hoggestabbe og går på rommet, Mattis legg seg, Hege legg seg, Jørgen kjem ned, tek øksa og går i skogen, Mattis får matpakke av Hege og går i båten, Hege strikkar kufter, ser seg i spegelen og tek på seg eit nytt tørkle eller noko, Mattis kjem heim att, får mat av Hege)

(Hege legg seg, Mattis legg seg. Hege står opp, Jørgen kjem ned, møter blikket til Hege, tek øksa og går i skogen. Mattis får matpakke og går i båten, Hege strikkar kufter, Mattis kjem heim att får mat av Hege, Jørgen kjem heim og møter blikket til Hege, som har pynta seg endå litt til, smeller øksa i ein hoggestabbe og går på rommet, Mattis legg seg. Jørgen kjem ut frå rommet sitt i full fart. Musikk slutt)

OPPGÅVE 2

Rollespill

Kven var Mattis?

Førebuing

"Fuglane" slutter med at Mattis ror ut på vatnet i den rotne båten. Han vil la "skjebnen" eller vinden avgjere om han skal leve vidare med Hege og Jørgen eller drukne.

Les handlingsreferat s. 4-5 og sluttscenene scene 31-34 som er vedlegg nr. 5 til denne oppgåva.

Oppgåve:

Vesaas avslører ikkje korleis det går med Mattis. Flyt han i land på årene eller druknar han til slutt? I denne øvinga skal de tenkje dykk at Mattis gjekk under med båten og at han drukna.

Elevene skal spele gravølet for Mattis.

Scenario:

Bygda er samla til gravøl og nokre av karakterane i stykket held taler og andre snakkar om kven han eigentlig var, og ting dei har opplevd i lag med Mattis. Elevane går inn i rollespelet og improviserer monologar og dialogar som alle handlar om korleis dei kjente Mattis. Nokre har dårlig samvit av di dei lo av han og terga han da dei var barn. Nokre snakkar om at dei gjerne skulle ha kjent han betre. Andre ymtar frampå om at det trass alt må verte lettare for Hege nå når ho slepp ansvaret for broren.

Forslag til ulike situasjonar som oppstår under gravølet:

- Søstera Hege har ein tale om Mattis sitt liv og legg om alt han var god til og korleis han var som bror. Hun fortel om alt han kunne om naturen og kor flink han var til å lese været. Ho fortel og at det ikkje var så lett for Mattis i bygda fordi han kjente at han var annleis og at han var lei seg fordi han vart kalla "Tusten".
- Jørgen fortel til ein gruppe gjester om korleis han kom inn i den litle familien og at det og var vanskelig å komme inn på Mattis. Korleis Mattis strevde med å akseptere han og at han freista å hjelpe han med å lære seg å jobbe og verte ein vaksen mann.

- Inger og Anna fortel til nokre andre ungdommar om den gongen dei møtte Mattis ute på ei holme. Dei hadde fri frå arbeidet og rodde ut for å sole seg og bade. Mattis låg og sov ute på holma, og hadde bunde båten sin til foten så han ikkje skulle drive frå land. Mattis ville først ikkje seie kva han hette når han skjønnte at dei to jentene ikkje visste kven han var. Anna og Inger tilbød seg å hjelpe han i land med båten om han sa namnet sitt. Mattis ljuga og sa han hette Per. Mattis rodde som ein foss og ville ro innom brygga for å vise folk at han var i lag med to jenter. Han var stolt over å ro to jenter i land. Dei snakkar om denne hendinga og undrar seg over kvifor han ljuga om namnet sitt. Nokre som kjente Mattis betre fortel om kallenamnet "Tusten" han hadde i bygda og at dei brukte å erte han med dette namnet da dei var små.
- Ein ung jeger fortel til Hege om den gongen han møtte Mattis som viste han rugdetrekket. Og at han fikk skote den rugda same kvelden. Hege fortel han kor fortvila Mattis vart da han skaut rugda og at han grov rugda ned under ein stein same kvelden.

Tilrådd bruk av tid: 90 min.

OPPGÅVE 3

Teatermelding for radio

Som inspirasjon og førebuing kan klassen høyre Karen Frøysland Nystøyl si melding av familieframsyninga "Nila og den store reisa". Meldinga vart sendt på NRKs kulturnytt 15.10.18 (Spol fram i programmet til 12.01.)

<https://radio.nrk.no/podkast/kulturnytt/nrkno-poddkast-382-142377-15102018073200>

Arbeid i par:

Lag ein teatermelding for radio.

Som ei innleiing skal de presentere framsyninga med tittel, stad, kven har regi, scenografi, musikk, medverkande skodespelarar osv.

De skal fortelje kort om handlinga og dramatiseringa av romanen "Fuglane". Litt om historikk rundt romanen og framsyningar som er vist før.

I teatermeldinga bør de meine noko om:

- Regigrep
- Dramaturgisk oppbygging,
- Scenografisk løysing og element som rekvisittar og kostymer
- Bruk av verkemiddel: lys, lyd og evt. video
- Skodespelarprestasjonar og evt. om de synest nokon utmerker seg,

Til slutt bør de ha ei oppsummering og ei vurdering av om dette var ei vellukka oppsetting av "Fuglane".

Meldingane leverast inn som lydfilar og vert eventuelt spelt av i klassen.

Tilrådd bruk av tid: 90 min

Relevante kompetansemål for programfag for musikk, dans og drama, programområde for drama

Teaterproduksjon 1 og 2 og Teaterensemble

Skuespillerutvikling

Mål for opplæringen er at eleven skal kunne:

- bruke grunnleggende skuespillerteknikk med vekt på utvikling av kropp og stemme
- vise evne til å oppnå partnerkontakt
- bruke ulike typer tekster i arbeid med stemmetrening og formidling
- beherske grunnleggende skuespillerteknikk og skape et selvstendig uttrykk

Scenisk formidling

Mål for opplæringen er at eleven skal kunne:

- gjøre rede for bruk av ekspressivitet i skuespillerens uttrykk
- bruke ulike spillestiler i forhold til scenisk form
- eksperimentere med sceniske virkemidler i forhold til rolle og scenisk handling
- drøfte spillestil, virkemidler og tilnæringsmåter

Teaterteori og -analyse

Mål for opplæringen er at eleven skal kunne:

- analysere og tolke forestillinger og skrive teateranmeldelser

Vedlegg 1

Tekstutdrag 1 frå manus til teaterframsyninga "Fuglane":

Scene 1

(Kveld. Ei gruppe menneske står og ser opp mot noko vi ikkje kan sjå: To tørre osper. Roleg byrjar dei å lage lyden av vind som blæs mildt gjennom trea og kanskje dei svaier litt med kroppen. Mattis står midt blant dei, heilt urørleg, og ser opp mot ospene)

MATTIS (til seg sjø):

Mattis og Hege.

(pause)

Hm.

(pause)

Mattis og Hege.

(pause)

Eller... Hege og Mattis?

(pause)

Hm.

(Mattis får auge på Hege som sit og strikkar. Folkemengda trekk seg tilbake.)

MATTIS:

Du er som eit lyn, du.

(pause)

Med stikkene dine, meiner eg.

HEGE:

Ja, eg veit det.

MATTIS:

Men eg skjønner då på det òg, Hege.

(pause)

Men du er ikkje berre eit lyn med åttebladrosene, det er med alt du finn på.

HEGE:

Ja, ja, ja.

(pause)

MATTIS:

Lyn, ja.

(pause)

Eg meiner: til å tenke òg.

HEGE:

Det er nok no, for denne gongen.

MATTIS:

Kva er det?

HEGE:

Ikkje noko. Sit berre i ro du.

(pause)

MATTIS:

I morgon må du finne på noko å gjera for meg. Dette går ikkje lenger.

HEGE:

Ja.

MATTIS:

No kan eg ikkje sjå på det lenger. Eg har ikkje skaffa noko til huset på...

HEGE:

Nei det er lenge sidan sist du kom med noko.

MATTIS:

Slik skal du ikkje seia til meg.

(pause)

Du skal tala til meg som folk.

HEGE:

Ja det skal eg.

(Pause. Mattis rettar ryggen og ser mot dei to tørre ospene)

HEGE:

Mattis? Kva ser du?

MATTIS:

Eg ser ingen.

HEGE:

Nei vel.

MATTIS:

Du er rar du. Skulle eg sjå eitkvart kvar gong eg ser ikring meg - korleis ville her bli laga då? Då ville her bli fullt.

(pause)

Du mitt nebb imot stein.

(pause)

Nei men Hege!

HEGE:

Kva er det no?

MATTIS:

Du byrjar å bli grå!

HEGE:

Å ja.

MATTIS: Så grå at. Eg har ikkje sett det før i dag eg. Visste du om det?

(pause)

Det var jammen tidlig. Og så grå at.

(pause)

Hege.

HEGE:

Kva er det no då?

MATTIS:

Det var ikkje noko likevel. Du kan berre drive på med strikkinga du.

HEGE:

Det var då bra det, Mattis.

MATTIS:

Ja, for det kom vel ingenting i vegen for det? Om eg sa detta om det grå håret du hadde?

HEGE:

Nei då. Det visste eg om, veit du.

MATTIS:

Ja du er knivskarp du.

(pause)

Høyrer du det, Hege?

HEGE:

Ja.

MATTIS (lågt):

Men jamen var det tidleg å bli grå.

(Mattis reiser seg brått)

Vedlegg 2

Tekstutdrag 2 frå manus til teaterframsyninga "Fuglane":

Scene 4

(Neste dag)

MATTIS:

Goddag, har du arbeid til meg?

MANNEN:

Ja kan du tynne turnips, så.

MATTIS:

Var det ikkje det eg visste. Når det ikkje er som før, så må det vera slik.

MANNEN:

Kva meiner du?

MATTIS:

Å det var berre noko. Noko som er mykje annleis i dag for meg. Men som du ikkje har greie på. Det heng i hop med eit rugdetrekk.

MANNEN:

Rugdetrekk?

MATTIS:

Ja veit du ikkje kva det er?

MANNEN:

Rugder har eg høyrte om. Men det var altså denne turnipsåkeren du hadde hug på. Vi får vel finne ei hakke for deg òg då... så kan vi kapp-tynne.

MATTIS:

Ja kanskje vi skal kapp-springe òg.

MANNEN:

Ja sjå kven som kjem først til nepene, meiner du vel? Men du vil vel ha ein matbit før du byrjar?

MATTIS:

Vi har då mat heime.

(Forsiktig antydande puste/arbeidsmusikk. På ein stilisert måte byrjar Mannen, Mattis og eit kjærastepar å tynne turnips)

MATTIS:

Kva skal du med så mykje turnips?

MANNEN:

Alt no? før vi har byrja jamvel?

Ja eg går ut ifrå at du har vori med på slikt arbeid før, Mattis, så du veit kor langt det skal vera mellom plantene vi sparar att?

MATTIS:

Korleis kunne eg ha blitt så gammal elles?

MANNEN:

Sant nok, men eg spurde kor langt du har lært at det skal vera mellom plantene. Vil du kanskje vise meg det?

(Mattis viser med peikefingrane)

MANNEN:

Nei, då har du lært av ein som ikkje kunne stort. Slik skal det vera. Du kan byrja med desse to rendene her.

GUTEN:

Kven kjem først i land på hi sida? Pang!

(Heftigare pustemusikk til arbeidet. Kjærasteparet ler, flørtar og arbeider.)

MATTIS:

Denne hakka er eg ikkje van med, skaftet er for langt.

MANNEN:

Ja la henne ligge du, det er like bra du brukar fingrane. Ein gjer det meir ordentleg òg, når ein brukar fingrane.

MATTIS:

Det var godt du sa.

(Arbeidet heldt fram)

GJENTA:

Godt du var med, så er vi fleir om denne fæle teigen.

MATTIS:

Har du noken gong høyrte tale om rugdetrekk?

GJENTA:

Har eg vel. Kva då?

MATTIS:

Ikkje noko... Men du har vel aldri hatt eit slikt trekk like over huset ditt, du?

GJENTA:

Å nei du har vel heller ikkje rugdetrekk over sjølve huset ditt, kan eg tru.

MATTIS:

Kven veit.

GJENTA:

Ja da så.

MATTIS:

Eg -

(Guten klyp jenta i leggen, og dei forsvinn av garde.)

MATTIS (til Mannen):

Korleis har det seg at du grev tre render?...

MANNEN:

Å, det er betre... på ein måte.

(pause)

MATTIS:

Dei er kjærastar desse trur eg. Det ser då slik ut.

(Mannen nikkar)

Visste du det føreåt kanskje?

MANNEN:

Ja. Det var difor eg fekk tak i dei. Ein må helst ha slike til å tynne turnips, ser du. Dei merkar ikkje kor keisamt og tungt det er. Med slike som deg og meg er det annleis, skjønar du.

MATTIS:

Å ja vi merkar no korleis det verkeleg er å tynne turnips.

MANNEN:

Ikkje enno. Vi er vel ikkje trota i det same vi byrjar, vel?

MATTIS:

Nei det er sant...

(pause)

Reiser du ifrå meg?

MANNEN:

Må nok det. Du får koma etter så fort du kan, veit du.

MATTIS:

Ja men du ser korleis eg driv på.

MANNEN:

Ym.

(Dei andre har jobba seg bort frå Mattis.)

MATTIS:

Så mykje nepe! Kva skal det vera godt for? Liksom det ikkje var andre ting enn nepe!

(Ropar etter paret)

Om dei aldri så mykje er kjærastar, så vil eg...

(Alle stoppar opp. Pustemusikken òg)

Ja for det er dei då!

GJENTA:

Ja, det er vi.

MATTIS:

Ja ein skulle ha stelt seg slik.

GJENTA:

Slikt kan vel rette seg.

MATTIS:

Ja det blir ikkje meir med detta her. Eg meiner: med det eg vil seia.

GJENTA:

Synd det.

GUTEN:

Pang!

(Guten klyp gjenta i leggen. Pustemusikk. Arbeidet byrjar att)

MATTIS:

Vil dei stanse litt!

MANNEN:

Kva er det, Mattis?

MATTIS:

Dei ser vel at eg blir attliggande?

MANNEN:

Ja kva så?

MATTIS:

Visste du det?

MANNEN:

Ja ja.

MATTIS:

Nei eg likar ikkje så innvikla arbeid

MANNEN.

Nei det er så det. Skal vi ta rendene dine?

MATTIS:

Ikkje enno.

MANNEN:

Nei vel.

(Dei arbeider vidare. Gjenta, på veg tilbake, nærmar seg Mattis)

MATTIS:

Ja her er du og eg på åkeren.

GJENTA:

Det er vi det.

(Mattis kjem borti gjenta)

MATTIS:

Det var mest som å ta i eit elektrisk gjerde.

GUTEN:

Pang!

(Arbeidet held fram. Mattis blir etterkvart heilt utsliten)

MANNEN:

Mattis!

(Pustemusikk slutt)

MATTIS:

Er det mat!

MANNEN:

Ja, kom! No skal vi heim og få oss mat. Kvile litt og...

MATTIS:

Dei kan seia alt dei meiner!

GUTEN:

Kva meiner vi då?

MATTIS:

Det veit eg godt.

(Mattis legg seg ned og sovnar)

Vedlegg 3

Tekstutdrag 3 frå manus til teaterframsyninga "Fuglane":

Scene 16

(Pust/Musikkovergang. Ensemblet riggar opp robåten. Mattis set seg i båten og tek nokre åretak før han sovnar. Ropar pusten/musikken på han? "Mattis"? Han vaknar med eit rykk av at vatnet har stege over føtene hans.)

MATTIS:

Eg vil ikkje!

(Mattis ausar på spreng)

Hjelp meg, eg søkk!

Kom noken!

Hei kom fort noken!

(Han ser ned i vatnet på utsida av båten)

Eg vil ikkje!

(Han byrjar ro for livet)

Hege!

(Mattis ror i land på ei holme. Kastar seg andpusten ned på stranda, fortøyer båten til okla)

Passar eg på deg, så passar du på meg.

(Musikken blir til søvnpust og han sovnar.)

Scene 17

(Det rykkar i tauet. Musikk slutt)

ANNE og INGER:

Å hå - Å hei!

MATTIS:

Nei!

ANNA:

Ein gong til!

INGER:

Ja.

ANNA og INGER:

Å hå! Å hei!

MATTIS:

La vera!

(latter)

ANNA:

Du må opp kar, elles går du på sjøen.

INGER:

Var det ikkje ein tanke å ause båten sin? Han sit på botnen.

ANNA:

Skal vi løyse båten av deg? Dette ser så tosket ut.

MATTIS:

Det gjer det vel. Det er ikkje noko merkeleg og nytt heller det.

(pause)

Dette er som eg skulle ha ynskt og drøymt. Eg har forresten drøymt ikkje så lite.

INGER:

Å?

MATTIS:

Ja men ikkje spør meir om det. Ingen har fått visst det.

INGER:

Nei vel. Vi drøymer sjøl vi, så vi veit kva draumar kan vera.

MATTIS:

Men eg har sett nok av slike som dykk! Det er fullt opp av slike på vegen om sommaren! I butikken og alle stad. Dei må ikkje tru...

ANNA:

Ja vi veit då det. (Det fall oss slett ikkje inn at denna karen var for katten)

MATTIS:

Kvar i all verda har dei komi frå?

INGER:

Vi har legi der nede i fjorten dagar. I dag skulle vi ta ein lang ro-tur, sidan det var slikt ver.

ANNA:

Og så tok vi sikte på holmen her, for å bade. Men då vi kom nærare, såg vi noko rart. Først trudde vi det var ei ulykke, men då vi kom nærare innåt, gjekk støkken av oss.

MATTIS:

Ja det hadde vori ei merkeleg ulykke.

ANNA:

Ei slags ulykke må vel vera skjedd, for det ser ut som du så vidt har fått berga deg inn på holmen her.

MATTIS:

Tyder ingen ting når dei er komme.

ANNA:

Det var fint sagt.

INGER:

M-m.

MATTIS:

Har dei sett meg før? Eg meiner på vegen eller i butikken eller noken verdens annen stad?

INGER:

Vi høyrer til langt derutover vi, veit du, så her er alle like ukjende.

MATTIS:

Ikkje høyrte om meg heller?

INGER:

Korleis skal vi veta det, når vi ikkje veit kven du er?

MATTIS:

Det syntest eg var godt å høyre.

(jentene ler)

ANNA:

Kva er det du ser der bortpå vatnet heile tida?

MATTIS:

Ingen. Ser ikkje noko.

ANNA:

Det må du da gjera.

MATTIS:

Det er ikkje difor. Men eg er i stor freisting.

INGER:

Torer du ikkje sjå på oss?

MATTIS:

Eg er i freisting til å gjera det.

ANNA:

Vi kan godt ro bort. Ro til lands og hente folk til deg, til hjelp med båten.

MATTIS:

Nei nei!

INGER:

Vi får vel gå i vatnet, Anna? slik vi hadde tenkt. No som det er på det finaste.

ANNA:

Javisst. Det skal bli godt.

INGER og ANNA:

Ha det så lenge!

(Jentene svømmer av garde)

MATTIS:

Og dei må hit att. Dei må hente båten sin. Dei må opp på land.

No torer eg mest ikkje tenke.

ANNA og INGER:

Hei!

ANNA:

Vi må få lov å berge livet ditt og få deg på land att!

MATTIS:

Det er langt dit!

INGER:

Vi har dagen for oss.

ANNA:

Sei oss kva du heiter, så skal vi ro deg i land, og vi skal sette deg nedpå så varsamt som du hadde vori av glas.

(Mattis ristar på hovudet)

Eg heiter Anna, og ho der Inger. Og så er det din tur.

MATTIS:

Nei! har eg sagt.

INGER:

Neinei, så får du sitje der til du mjuknar, din sribukk.

MATTIS:

Dei veit ingen ting! Dei kan holde opp med detta! Dei treng ikkje seia slik.

(Anna og Inger kjem opp frå vatnet og legg seg til soling)

INGER:

Du får orsaka, men holmen er ikkje til å gøyme seg bort på, og berre kvasse egger overalt. Du får tola oss.

(lang pause)

MATTIS:

Per.

ANNA:

Kva sa du?

MATTIS:

Per.

INGER:

Han heiter Per altså. Han sa det til slutt.

ANNA:

Javisst! God dag då, Per. Det var hyggeleg at du endeleg ville ut med det.

Ja så ror vi deg i land, som vi lova. Men enno kosar vi oss her ei stund, skal vi ikkje det, Per?

INGER:

Visst.

MATTIS:

Ja no skulle Hege...

INGER:

Kven er Hege? Kjærasten?

MATTIS:

Nei kjærasten - syster mi. Men det er slett ikkje slik som...

Ikkje noko, hører dei! Det greier seg godt alt saman der heime hos oss, når ein berre er lynande skarp, og det er ho.

INGER:

Det er eg sikker på.

ANNA:

Ja den som berre var lynende skarp alltid, då var det ingen sak.

MATTIS:

Ja så ein kjende seg som nyslipte knivar.

ANNA og INGER:

Ja huff!

(pause)

MATTIS:

Anna og Inger.

ANNA:

Ja?

INGER:

Vi høyrer på deg.

MATTIS:

Det var berre det.

ANNA og INGER:

Per.

(Pustelyd av noko som kan likne på fjernt torever)

MATTIS (bryskt):

Anna og Inger.

ANNA:

Kva er det?

INGER:

Og no som vi låg så godt, kan vi ikkje berre fortsette med det?

ANNA:

Er det ikkje eit paradys du bur i, så veit ikkje eg.

MATTIS:

Det er ikkje så lett å vera der.

ANNA:

Kva meiner du?

MATTIS:

Dei veit ingen ting! Dei sit her og tenkjer noko anna enn det eg tenkjer.

ANNA:

Vi vil ikkje veta meir enn det vi veit no, om deg, Per, og så skal du teia!

INGER:

Ja. Tei still med deg!

MATTIS:

Ja då er det grei skuring. Når ein teier blir ingen ting sagt.

(Jentene nikkar. Dei ler)

INGER:

Vi er rektig glade at du var på denne holmen i dag.

ANNA:

Det same her.

MATTIS:

Det same her.

INGER:

Og no skal vi ro deg snilt heim. Kom så, Per.

MATTIS:

Men båten min?

ANNA:

Korleis skal det gå til?

MATTIS:

Eg kommanderer. Men så må dei gjera alt eg seier. Vi tek han på slep. Og det er eg som skal ro, kan du skjøne.

ANNA:

Vi ser du veit visst alt om båtar.

MATTIS:

Ja eg veit kanskje endå meir om roing!

INGER:

Javisst. Då er det klart du må ro. Og så er du no dessutan kar.

MATTIS:

Det òg.

(Mattis byrjar å ro. Mannspust)

MATTIS:

Det var dette eg ikkje ville fortelje.

INGER:

Kva dette?

MATTIS:

Om roinga vel.

Bra saker dette.

ANNA:

Båten vår?

MATTIS:

Javisst.

(pause)

Ja kva anna?

(dei ler)

ANNA:

Nei ikkje noko anna, kan du skjøne.

INGER:

No får du lande kvar du sjøl helst vil. Vi to har veldig god tid, vi skal berre koma heim til kvelds.

MATTIS:

Har sikta meg inn.

ANNA:

Hei du!

Du er ved å sovne , Per.

MATTIS:

Søren.

ANNA:

Pass no på at du ror som etter ein linjal, du som skryter så fælt.

MATTIS:

Eg ror alltid som ein strek, det er det einaste eg kan. Vi ror først opp til brygga ved handelsmannen min, der er det alltid folk som vil sjå oss.

ANNA:

Folk som vil sjå oss?

INGER:

Kva skal det vera godt for?

ANNA:

Er du narreleg du då Per?

MATTIS:

Narreleg?

(Anna sender Inger eit kjapt blikk)

INGER:

Vi legg sjølvsagt inn der det passar seg best for deg.

(pause)

MATTIS:

Nummer ein av alle.

ANNA:

Kva meiner du, Per?

MATTIS:

Dag nummer ein vel! Denne her, vel!

ANNA:

Bra sagt.

INGER:

M-mm. Vi òg vil minnast denne dagen sidan, Per.

(Mattis fell i tankar)

ANNA:

Noko i vegen?

INGER:

Du ser vel at han er i orden, Anna.

MATTIS:

Anna og Inger.

(Mattis tek til å fossro. Pustemusikk)

INGER:

Nei skal vi fara endå fortare, Per?

MATTIS:

Det kan aldri bli for fort, men det har ikkje dei greie på. No kan dei, som ikkje sit med ryggen til, sjå om dei skimtar folk på brygga eller på vegen i nærleiken av landingsplassen vår.

ANNA:

Der fer ein bil.

MATTIS:

Bilar reknar vi ikkje.

INGER:

No kom ein syklist og stansa... Nei han går inn til handelsmannen

ANNA:

Det står ein gut på brygga.

INGER:.

No kom det ut noken ifrå handelsmannen, Per. Det blir nok mottaking.

MATTIS:

Ja ja, men det er då i gang.

(Dei glir inn til brygga. Folk står og ser på)

MATTIS (høgt):

Ja så får dei overta sjølve då, gjenter. No skal eg berre ha att min eigen båt.

GUTEN:

Har du vori på botnen, Mattis?

MATTIS:

Anna og Inger. Takk for turen!

ANNA:

Det er du som skal ha takk, Per.

INGER:

Vi skal aldri gløyme dette.

GUTEN:

Per? Han heiter ikkje Per eingong. Det er Mattis detta vell!

ANNA:

Mattis eller Per, det er for oss det same.

INGER:

Takk for i dag, Per.

ANNA:

Takk for i dag.

INGER:

No ror vi heim vi òg.

(dei ror av garde)

ANNA:

Kanskje vi treffest att eingong.

GUTEN:

Dei vinkar til deg.

HANDELSMANNEN:

Ja du har komi opp i det, Mattis.

MATTIS:

Ja det har eg.

GUTEN:

Skal du ro dei meir òg!

MATTIS:

Ja kanskje. Vi har vori ute i mangt vi, i dag.

Vedlegg 4

Tekstutdrag 4 frå manus til teaterframsyninga "Fuglane":

Scene 20

(Pustemusikk. Ein stilisert sekvens av det nye kvardagslivet som tek til i huset: Hege kjem inn og lager mat. Mattis får matpakke av Hege og går i båten, Jørgen går i skogen med øksa si, Hege strikkar kuffer, Mattis kjem heim att, får mat av Hege, Jørgen kjem heim smeller øksa i ein hoggestabbe)

JØRGEN:

Eg har fått arbeid borti i tømmer skogen. Er det i orden at eg får leige loftsrommet?

MATTIS og HEGE:

Ja!

(Jørgen går på rommet, Mattis legg seg, Hege legg seg, Jørgen kjem ned, tek øksa og går i skogen, Mattis får matpakke av Hege og går i båten, Hege strikkar kuffer, Mattis kjem heim att, får mat av Hege, Jørgen kjem heim, smeller øksa i ein hoggestabbe og går på rommet, Mattis legg seg, Hege legg seg, Jørgen kjem ned, tek øksa og går i skogen, Mattis får matpakke av Hege)

MATTIS:

No er vi som andre.

HEGE:

Ikkje sei så dumt! Vi er vel som andre folk både no og før.

MATTIS:

Ja.

HEGE:

Ja slikt vil eg ikkje høyre, Mattis.

(Mattis går i båten, Hege strikkar kuffer, Mattis kjem heim att, får mat av Hege, Jørgen kjem heim, smeller øksa i ein huggestabbe og går på rommet, Mattis legg seg, Hege legg seg, Jørgen kjem ned, tek øksa og går i skogen, Mattis får matpakke av Hege og går i båten, Hege strikkar kuffer, ser seg i spegelen og tek på seg eit nytt tørkle eller noko, Mattis kjem heim att, får mat av Hege)

HEGE:

Ikkje ber deg åt på den måten.

MATTIS:

Kva er det som er annleis med deg?

HEGE:

Uff, Mattis.

MATTIS:

Kva er du gretten for? Eg er som eg var før eg, men du er gretten.

HEGE:

Tull med deg.

MATTIS:

Eg hadde trudd noko heilt anna, eg no. At du slett ikkje hadde vori gretten, hadde eg tenkt, men.

HEGE:

Du får seia kva du meiner, Mattis. Dette skjønar eg ikkje.

MATTIS:

Nei skal eg seia det no?

HEGE:

Nei så slutt med slikt tull.

(Jørgen kjem heim, smeller øksa i golvet)

HEGE:

Skal eg stelle i stand litt mat til deg?

JØRGEN:

Nei, eg er mest van til å gjera det sjøl.

(Jørgen forsvinn inn på rommet)

MATTIS:

Skal du noko?

HEGE:

Nei.

MATTIS:

Kva pyntar du deg for då?

HEGE:

Ingen ting.

Men du går og tassar etter meg for kvart steg.

(Hege legg seg, Mattis legg seg. Hege står opp, Jørgen kjem ned, møter blikket til Hege, tek øksa og går i skogen. Mattis får matpakke og går i båten, Hege strikkar kufter, Mattis kjem heim att får mat av Hege, Jørgen kjem heim og møter blikket til Hege, som har pynta seg endå litt til, smeller øksa i ein hoggestabbe og går på rommet, Mattis legg seg. Jørgen kjem ut frå rommet sitt i full fart. Musikk slutt)

JØRGEN:

Eg trur du må ut på vatnet!

MATTIS:

Ropte det?

JØRGEN:

Eg veit ikkje riktig... ja det måte vera det... nokon som ropte om å koma over.

MATTIS:

Kom det no?

(pause)

Du har nok høyrte rett, Jørgen, for eg visste eg måtte koma til å ferje om natta eingong. Det har Hege sagt òg det.

JØRGEN:

Å nei dei ferjekarar har vel aldri fri, når det ropar må ein ut.

MATTIS (nikkar):

Dei vil sjå når eg kjem att, meir kan eg ikkje seia om det. Fort blir det nok ikkje.

JØRGEN:

Nei du må vel ein tur over.

MATTIS:

Jaja. Så går eg.

Vedlegg 5

Tekstutdrag 5 frå manus til teaterframsyninga "Fuglane":

Avsluttande scener der Mattis bestemmer seg for å ro ut på vatnet og la skjebnen avgjere:

Scene 31

(Arbeidspustemusikk. Mattis hentar seg eit par tjukke årer som han byrjar høvle på. Rundt han sit Kvinnefuglen/fuglane og ser på)

MATTIS:

Hege og Jørgen og eg. Rugda er ikkje med. Det blir hardt detta.

(Jørgen kjem til)

JØRGEN:

Skal du ha nye årer?

MATTIS:

Ja det har eg tenkt på lenge.

JØRGEN:

Du skal vel til å ferje att då?

MATTIS:

Blir vel til det.

JØRGEN:

Bra det, det duger ikkje å gå utan arbeid, for noken.

(Jørgen går. Mattis held fram med å høvle)

MATTIS:

På desse årene skal eg anten flyte og berge meg til lands, eller søkke unna dei og bli borte. Men det skal vera stilt i veret, ingen vind på vatnet elles gjeld det ikkje noko. Så får ein sjå om vinden kjem.

(pause)

Så får eg visst då, kva eg skal. Får sjå det.

... om eg skal flyte heimatt og vera med dei som før.
Då er det ikkje eg som gjer det av.

Scene 32

(Hege ler av noko. Mattis kjem til. Jørgen forsvinn)

HEGE:

Er båten i stand til ferjing no?

MATTIS:

Ja no er alt i stand. I morgon skal eg byrje ferje som før.

HEGE:

Javisst, alt i morgon. Det er akkurat som det ska vera det, Mattis.

MATTIS:

Dersom det ikkje blæs altfor fælt så. Men båten er roten tvers igjennom, så eg torer ikkje utpå i vind lenger. Ein kunne trø gjennom botnen, om ein trødde litt gali.

HEGE:

Då er han stygg i stilt ver òg då, vel? Då trur eg ikkje du skal få lov å bruke han.

MATTIS:

Kjenner nok båten.

HEGE:

Er du sikker på det? Eg vil slett ikkje ha deg på botnen.

MATTIS:

Tull. I still-ver kan eg vera utpå heile dagen for den skuld. Du kan ta det med ro, Hege, eg veit kva eg kan og ikkje kan. Og kvar eg skal trø og kvar eg ikkje skal trø.

HEGE:

Jaja, pass deg berre.

(pause)

Eg trur likevel eg vil få Jørgen til å avgjera om båten er farleg. Jørgen skjønar det. Seier han at båten er ubrukeleg, så skal du ikkje uti han meir.

MATTIS:

Jørgen! Dette greier eg utan Jørgen! Alt i hop! Kjem du med Jørgen, så gjer eg noko fælt!

HEGE:

Kjære vene...

MATTIS:

Vil du la vera å hente Jørgen! Kjem han, så skal han få visst kven han er!

HEGE:

Så, stans no. Og Jørgen treng ikkje å få visst noko av deg. Jørgen er ein bra kar, som ikkje har gjort deg noko vondt.

MATTIS:

Veret avgjer dette no!

HEGE:

Veret?

MATTIS:

Ja, har du høyrte det? Vinden og veret. Trur du kanskje ikkje at eg har tenkt?

HEGE:

Visst har du tenkt på mangt. Vi har fått mangt å tenke på alle i hop ved dette som har hendt.

MATTIS:

Korleis kunne du bli slik?

HEGE:

Korleis?

MATTIS:

Som... som du er vel! Eg kjenner deg ikkje att, som du er. Kva er det med deg?

HEGE:

Kva er det med meg? Det veit du då. Det har eg vel fortalt. Det har gått godt for meg.

(pause)

Og det har eg eingong klemmt deg for, Mattis, minnest du ikkje det?

MATTIS:

Gå opp til Jørgen då.

HEGE:

Det har eg tenkt på òg.

(Ho går. Mattis lyttar til vinden/pustemusikken som etterkvart minkar. Kvinnefuglen/fuglane kjem. Det blir mørkt)

MATTIS:

Blås vind!

Scene 33

(Neste morgon. Hege gjer klar niste til Jørgen)

HEGE:

Her er så stilt i dag at det er som ...

JØRGEN:

Å ja.

HEGE:

Så i dag kan han då koma på vatnet.

JØRGEN:

Hm.

(Tek øksa og nista og går. Mattis kjem inn)

HEGE:

Kva er det?

(pause)

Sei det!

MATTIS:

Eg tenkjer meg mest i hel.

HEGE:

Å ikkje anna. Få deg mat du.

(pause)

MATTIS:

Ja i dag byrjar ferjinga.

HEGE:

Ja gjer det du. Det var rektig bra.

Forresten... du sa eingong at båten var dårleg. Er han det no òg?

MATTIS:

Å nei ikkje så verst.

HEGE:

Sjå godt etter då, og er det farleg så...

MATTIS:

Ikkje når det er stilt, sa eg. Det var i vind, eg sa.

HEGE:

Ja sjå berre etter, eg lagar inga niste i dag, du kan sjå oppom når du blir svolten.

MATTIS:

Ja.

(pause)

HEGE:

Var det noko?

MATTIS:

Nei.

(pause)

I dag skal det bli fint å ferje.

(Mattis går til båten)

Det kan koma mange til meg i dag.

(pause)

Og det er bra

Scene 34

(Mattis går i båten. Plutseleg bit han den eine åra hardt. Så set han seg ned og ror langt utpå. Stoppar opp. Dreg årene inn. Reiser seg opp i båten.)

MATTIS:

No er det då, Hege.

(Mattis sparkar hol i botnen av båten. Vatnet fossar inn. Mattis set seg i botnen av båten med ei flyteåre under kvar arm. Båten forsvinn. Mattis flyt på dei to årene. Plutseleg byrjar det blåse.)

Hege!

(Vinden aukar i styrke. Fuglane kjem til syne)

Mattis!

(Mattis forsvinn. Fuglane blir til ein stor fugl som flyg. Gradvis blir det mørkt)